

OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonulenten på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post lars.mjos@osteroyindustri.no
www.osteroyindustri.no

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
opplaering@hfk.no

Osterøy 18.9.2012

Uttale til "Skolebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2012-2025"

Osterøy Industrielag takkar for at det no vert køyrt ein open prosess med ei relativt lang høyringsrunde og takkar for at me får høve til å uttale oss. Osterøy vidaregåande skule er av svært stor verdi både for Osterøynæringslivet og for heile Osterøysamfunnet. Osterøy Industrielag har i mange år vore svært aktivt engasjert i og har bidrege til utviklinga av Osterøy vidaregåande skule; og det vil me halde fram med.

Osterøy Industrielag takkar for eit svært godt samarbeid gjennom mange år med Hordaland fylkeskommune om skule og kompetanse. Me fekk til eit veldig bra løft for ein kommune med svært lågt formelt utdanningsnivå gjennom det fleirfaglege opplæringskontoret Osterøy Utvikling der nærare 200 ostringar i løpet av ein 10-årsperiode tok fagbrev, mange av desse vaksne og etterkvart også mange ungdomer. Og me er både imponerte og svært godt nøgde med den store satsinga fylkeskommunen har gjort på Osterøy dei siste åra med den flotte nyeskulen som opna i 2010 og med satsinga på ein stor og god verkstadhall på heile 800 kvm som m.a. huser Kompetansesenteret for CNC og robot som ei avdeling ved skulen.

Osterøy Industrielag støttar fullt ut høyringsuttalen frå Osterøy heradsstyre 20.6.2012.

Vårt høyringsinnspel er bygd opp i samsvar med " 6.1.2 Kriterieliste for vurdering av skolestruktur". Me kjem med ein del generelle vurderingar og knyttar sjølvsagt vårt innspel heilt konkret til Osterøy vgs.

Kriterielista har ein svært vesentleg mangel

Ved så godt som all næringsutvikling, vert det bygd på den kompetanse, dei fortrinn og dei sterke sider ein har i verksemda eller finn på plassen.

Me meiner eksisterande kompetanse, miljø, sterke sider og fortrinn bør vere med som viktige kriteria i ei vurdering av skolestrukturen. Det er dei diverre ikkje. Ein må ikkje sjå på ein vidaregåande skule berre som ein "ting" som kan plasserast og skalerast ut frå statistiske kriterium.

Nokre av dei sterke sidene ved Osterøy vidaregåande skule:

Svært høg gjennomføringsgrad.

Har eit godt og oversiktleg elevmiljø.

Brukar praksisplassar aktivt og har god tilgang på slike.

Har god kontakt med nærings-/arbeidslivet.

Brukar oppdrag/oppgåver frå nærings- og arbeidslivet aktivt i undervisninga.

Har vore føregangsskule for å gjere teori meir praktisk, m.a. ved gjennomføring av eksamen.

Har aktivt samspel mellom ulike programfag.

Arbeider aktivt internasjonalt.

Er ein aktiv aktør innan fleire satsingar i regionalt utviklingsprogram for Hordaland.

Operer hausten 2012 med venteliste på dei aller fleste av skulen sine tilbod.

Har utvikla eit etterspurt tilbod innan design og handverk som me ønskjer å vere med å

vidareutvikle som eit spissa VG2og VG3-tilbod "Design og berekraftig nyskaping". I

Osterfjordregionen har me no eit godt RUP-samarbeid med fylkeskommunen om utvikling av design-, handverk og tekstilnæringane i regionen kalla "Flettverk".

Ligg i fremste rekke innan undervisning i CNC (datastyrte maskinar) og robot og oppretta i 2009 Kompetansesenteret for CNC og robot som eiga avdeling ved skulen.

Har bygt opp eit godt undervisningstilbod innan elektrofag og el-energi. Elektrofaga ved skulen har eit svært godt samarbeid med næringslivet i regionen med god tilgang på praksisplassar og læreplassar.

Skulebygget er nytt, moderne og svært velfungerande med kapasitet til vel 200 elevar med m.a. ein moderne verkstadhall på 800 kvm der avdelinga Kompetansesenteret for CNC og robot disponerer 2/3 av arealet. Til oppbygging av Kompetansesenteret for CNC og robot, utover kostnaden med verkstadbygget, er det sidan 2009 finansiert ca 10 mill kr der fylkeskommunen står for ca 1/3.

Fylkesutvalet gjorde 23.2.2012 følgjande vedtak: "Hordaland fylkeskommune vil støtte Osterøy vidaregåande skule i arbeidet med ei landslinje for CNC og robot".

Nokre kommentarar basert på "kriterielista" og knytte til Osterøy vidaregåande skule:

Skolestorleik og typar

Hordaland skil seg geografisk og kommunikasjonsmessig litt ut i høve til mange andre fylke. Ein må difor ikkje ha for strenge kriterium m.o.t. storleik. Ein mindre skole kan vere velfungerande både sosialt og fagleg. Kravet om 4 parallellar innan kvart programfagtilbod på VG1 er altfor strengt.

Me er glade for at framlegget går ut på å oppretthalde Osterøy vidaregåande skule, men me er svært uforståande til at ein legg opp til å redusere storleiken (på ein skule som i utgangspunktet etter kriteria er altfor liten) og å ikkje utnytte heile kapasiteten som skulen nyleg er bygd for. Me synest det er ein dårleg ide å invitere ungdomsskulen på nabotomta til å utnytte "ledig kapasitet", noko dei ikkje har bruk for. Me synest det er mykje betre og i samsvar med kriteria å heller auke elevkapasiteten ved skulen.

Me er heilt samde i "god blanding av tradisjonelle jente- og gutefag". Skulen har i dag ein skeiv fordeling med ca 60% gutar og 40% jenter. Me stiller oss difor svært undrande til at ein foreslår å leggje ned design og handverk, helse og sosialfag og barne- og ungdomsarbeidar som alle er tradisjonelle jentefag. Sjølv om me arbeider for CNC-operatør som jentefag gjennom m.a. www.detnyejenteyrket.no, vil skulen ut frå framlegget få ein ekstremt høg og svært uheldig gutedominans.

Fagtilbod og fagmiljø

Det er ikkje tvil om at det er mogeleg å byggje gode fagmiljø på ein liten skule, det ser me på Osterøy.

Fagtilboda ved Osterøy vgs er i dag godt i samsvar med næringslivet og det offentlege sine behov.

Lokalisering og reisetid

Me er samde i at "elevar på VG1 bør kunne bu heime" og at "elevar ikkje bør ha meir enn 1 time reisetid", helst mindre. Osterøya er stor i utstrekning og framlegget om å fjerne 2 programfag ved Osterøy vgs og dermed redusere elevtalet, er ikkje i samsvar med desse prioriteringane. Ved evt. nedlegging av design og handverk vert Knarvik og Årstad alternativa. Ferjesambandet Valestrand - Breistein er i faresonen etter at bompengerperioden på Osterøybrua snart er over og fylkesutvalet legg opp til å ikkje støtte ferjesambandet. Knarvik vil for dei fleste då ikkje vere noko alternativ og for mange vil Årstad sprengje reisetidskriteriet m.a. med svært mange bytte av transportmiddel.

Ein liten skule som Osterøy vgs vil sjølvsagt aldri kunne ha eit tilbod til alle ostringar. Osterøy Industrilag har lenge arbeidd for eit raskare (ekspres) busstilbod mellom kommunesenteret Lonevåg og buss/tog-terminalen i Arna. Dette vil også gjere det lettare å reise frå fastlandet til Osterøy vgs og vil kunne styrke grunnlaget for vidare vekst av skolen. Ca 20% av elevane kjem allereie frå andre kommunar.

Skoleanlegg

Me er samde i at "gode eksisterande skoleareal bør utnyttast". Det er difor eit paradoks at framlegget går ut på å ikkje utnytte heile kapasiteten på vel 200 elevar ved Osterøy vgs. Skoleanlegget her tilfredsstillar alle andre aktuelle prioriteringar.

Økonomi

Det vil vere god økonomi å drive vidare ein velfungerande Osterøy vgs og å utnytte kapasiteten i nybygget fullt ut.


Produksjonsskole

Me synest ideane i kapittel 5.4 om produksjonsskolar verkar interessante. Me er overraska over at kapittelet heiter "Produksjonsskole i Bergen" i ein plan som gjeld for heile Hordaland. Osterøy vgs har god kompetanse som kan nyttast og gode verkstadlokale.

Konklusjon

Osterøy har eit svært lågt formelt utdanningsniva i befolkninga. Osterøy Industrilag er godt nøgd med framlegget om å oppretthalde Osterøy vgs. Me er heilt usamde i framlegget om å redusere elevtalet i plassen for å auke til kapasiteten skulen er bygd for; vel 200 elevar. Me er heilt usamde i at kjønnsbalansen i dag på 40% jenter og 60% gutar er foreslått vesentleg forverra gjennom nedlegging av 2 typiske jente programfag. Tilbodet av programfag er i dag godt tilpassa både etterspurnaden mellom elevane og i nærings- og arbeidslivet og bør oppretthaldast og utviklast. Over tid må sjølvsagt tilbodet tilpassast etterspurnaden. Osterøy Industrilag ønskjer å bidra aktivt til at skulen skal bli godkjend som landslinje innan CNC og robot, for at Kompetansesenteret for CNC og robot skal vere mellom dei fremste kompetansemiljøa i landet på feltet og for å vidareutvikle det gode tilbodet innan design og handverk til eit spissa VG2 og VG3-tilbod "Design og berekraftig nyskaping".

Med venleg helsing Osterøy Industrilag



Lars Magne Bysheim, formann



Lars Mjøs, sekretær